

# Lite truverdige argument i høve meirverdiavgift på alternativ behandling



AV JOHN PETTER LINDELAND, STYRELEIAR NHH

Frå ulikt politisk hald – og tydelegast framført av Høgre og Arbeiderpartiet – er det fire sentrale tema som i hovudsak utgjer argumentgrunnlaget når det gjeld forslag om meirverdiavgift på alternativ behandling. Ettersom det frå same haldet blir etterspurt kunnskapsbasert dokumentasjon i høve argumentasjon og påstandar, er det ikkje meir enn rimeleg å undersøkje om dei sjølve innfrir dette kravet. Om ikkje det er tilfelle, kan ein fort undra seg over om forslaga til vedtak er rein symbolpolitikk for å svekka ei næring. Det spesielle i denne saka er at det handlar om helse – noko ein i dei fleste tilfelle ikkje kan velja bort – og at tilgang

til slike tenester ikkje skal vera styrt av lommeboka til den enkelte.

## PÅSTANDAR

1. Ein ynskjer å beskytta pasientar/brukarar mot alternativ medisinske terapeutar som kan utgjera ein fare for den enkelte pasient ved at vedkomande vel bort offisiell behandling – eller risikera andre former for biverknadar. Å leggja på mva. på slike tenester, er ein del av strategien som ein meiner vil ha effekt i høve slike tilstandar. **Merknad:** Forsking frå blant anna NAFKAM 1), viser at organiserte terapeutar sjeldan bryt gjeldande lovverk og forskrifter. Dei som får merksemd i media og som gjer at helsepolitiske talspersonar kjem på banen og krev strengare regulering, er i all hovudsak uorganiserte aktørar med låg terapeutkompetanse. Omfanget av slik verksemd er heller ikkje dokumentert.
2. Helsevesenet må prioritera sine ressursar strengare framover, og satsa på behandling som har dokumentert effekt. **Merknad:** Bortimot 100 % av terapeutane som tilbyr naturmedisin/alternativ behandling er sjølvstendig næringsdrivande. Staten yter

inga tilskot til slik næringsverksemd og er derfor ingen utgiftspost i budsjettet. Det same gjeld utdanning, som i hovudsak er sjølvfinansiert. I staden for vage og lite konkrete argument om prioritering som alle kan vera samde i, burde ein heller innsjå at naturmedisin og alternativ behandling avlastar det sterkt pressa offentlege helsevesenet. Omfordeling av forventa inntekt frå meirverdiavgifta inn til andre helsesektorar, er i denne samanhengen svært usikre – jfr. NNN sitt høyrings svar 2). Å bruka forskning/dokumentasjon som avgrensingskriterium blir urimeleg i denne samanhengen, sidan mange autoriserte helsefaggrupper kviler på svak evidens/dokumentasjon når det gjeld effekt 3).

3. Eit avgiftsunntak gjev inntrykk av at staten legitimerer slik behandling, og gjev eit skin av ein slags godkjenning og aksept – eller ei likebehandling i høve offentlig medisinsk helsehjelp. **Merknad:** Intensjonen om avgiftsunntak for slike tenester har aldri vore å gje inntrykk av statleg godkjenning, men er tufta på konkurransenøytralitet i høve meirverdiavgiftsregelverket og som insitamment til å skapa ordna forhold og

pasienttryggleik innan ein bransje med relativ låg offentlig regulering. Alternativ til ikkje å gje visse fordelar knyta til det offentlege Registeret for utøvarar av alternativ behandling, vil vera risikabelt i høve utvikling av robuste og profesjonelle organisasjonar som kan vera gode samarbeidspartnarar til forvaltninga i arbeidet med å styrkja pasienttryggleiken – under føresetnad av at det blir eit strengare regelverk i forskriftene når det gjeld godkjenning for registreringsrett av fagorganisasjonar.

4. Alternativ behandling kan gje

mange positive opplevingar, men må vurderast som velværetenester – som pr. dato er underlagt vanleg meirverdiavgift.

**Merknad:** Å generelt definera alternativ behandling som utelukkande velværebekandling, er eit billig forsøk på å gjera brukarane si oppleving og erfaring om til rein juridisk semantikk knyta til Helsepersonellova/pasientskadelova – og gje det ein status som legitimerer meirverdiavgift. Eit slikt ein-sidig perspektiv samsvarer ikkje med plagene dei fleste søker hjelp for, og heller ikkje med det som er definisjonen i § 2 i

Lov om alternativ behandling: Med alternativ behandling menes helserelatert behandling som utøves utenfor helse- og omsorgstjenesten, og som ikke utøves av autorisert helsepersonell. Dette utelukkar sjølv-sagt ikkje ei kritisk gjennomgang av organisasjonar/terapeutar som pr. dato har registreringsrett i Utøvarregisteret i høve dette temaet 4).

Artikkelen har tidlegare vore publisert i Dagens medisin <https://www.dagensmedisin.no/artikler/2020/08/28/lite-truverdig-om-meirverdiavgift-pa-alternativ-behandling/>

1. <https://nnh.no/aktuelt/forskere-om-alternativ-behandling-ved-kreft/>

1. [file:///C:/Users/47948/Downloads/H%C3%B8yringsvar%20fr%C3%A5%20Norske%20Naturterapeuters%20Hovedorganisasjon%20-%20mva.forskift%20\(2\).pdf](file:///C:/Users/47948/Downloads/H%C3%B8yringsvar%20fr%C3%A5%20Norske%20Naturterapeuters%20Hovedorganisasjon%20-%20mva.forskift%20(2).pdf)

1. <https://forskning.no/fysioterapi/forskere-vet-lite-om-fysioterapi-na-skal-de-finne-ut-hvordan-det-gar-med-pasientene/1270673> | <https://ebm.bmj.com/content/22/3/88>

1. <https://nafkam.no/complementary-and-alternative-medicine-cam/hva-er-alternativ-behandling>

# Balderapotek

- Stort utvalg homeopatika på lager
- Vi sender over hele landet
- Rask levering
- Sentral beliggenhet i Oslo



**Balder Apotek**  
Munchsgt. 7 - 0165 Oslo  
Tlf: 22 60 40 01  
Fax: 22 60 40 02  
[post@balderapotek.no](mailto:post@balderapotek.no)

**Åpningstider:** man til fre 8.30 – 17.00

“Vi tar mål av oss til å bli landets grønneste apotek med et stort utvalg naturlegemidler, og ikke minst en imøtekommande og vennlig betjening”

*Bjarne Brudeli, Apoteker*

